



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

E
Tormod Eitrheim
Pressesenteret,
Stortinget
0026 OSLO

Dyktkar ref

Vår ref
06/1336-BO

Dato
29.01.2007

Framlegg til rask klage-handsaming for dokument som er unntatt offentlig innsyn

Vi viser til ditt likelydande brev av 10.01.07 til samferdselsminister Liv Signe Navarsete og stortingsrepresentant Arne Sortevik.

Departementet har vore i kontakt med Vegdirektoratet i tilknytning til at du ikkje har fått svar på klaga di av 20.11.06 om manglande innsyn i e-post. Det er beklageleg at saka har tatt så lang tid.

Etter offentlegheitslova som høyrer inn under Justisdepartementet sitt ansvarsområde, skal både krav om innsyn og klage over avslag på krav om innsyn avgjerast utan ugrunna opphald. Kva som ligg i dette har Justisdepartementet gjort nærare greie for i ei rettleiing.

I ei rettleiing om offentlegheitslova frå 2003 har Justisdepartementet sagt at det ved krav om innsyn må gjerast ei konkret vurdering der det må takast omsyn til moment som kravet sitt omfang og organet si arbeidsmengde: "Et innsynskrav bør i de fleste tilfeller kunne avgjøres samme dag eller i alle fall i løpet av 1-3 virkedager. En saksbehandlingstid på 8 virkedager eller mer er bare akseptabelt i helt ekstraordinære tilfeller, for eksempel fordi innsynskravet er omfattende eller medfører vanskelige vurderinger av taushetspliktens rekkevidde."

Postadresse:
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90 / 22248301
Org. nr.:
972 417 904

Telefaks:
22 24 56 08

Saksbehandlar:
Brita Ottem
22 24 81 33

Den same konkrete vurderinga skal gjerast ved handsaming av klage, utan at talet på dagar er skissert. "Det forutsettes imidlertid at klagen skal avgjøres rimelig raskt."

Med helsing



Ola Brattegard e.f.



Brita Ottem

Kopi til:

Vegdirektoratet

Storingsrepresentant Arne Sortevik, Stortinget